

Samling for unge bønder


Telemark Bondelag inviterer til samling for unge Bønder i Rauland 19. og 20. februar. Det blir både faglege tema og sosialt fellesskap. Auka matproduksjon, sjølvforsyning og moglegheitene som bonde i Telemark er blant tema.

Tilskot frå næringsfondet

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) vedtok tysdag å gje tre tilskot frå det kommunale næringsfondet. Telemark Turist/ Reismål Bø får 100.000 kroner til å arrangere rullskifestival med fokus på profilering av Midt-Telemark og Bø. Bø kommune i samarbeid med grunneigarar i Stasjonsvegen får 66.000 kroner til å dekke delar av kostnadane med prosjektering til Stasjonsvegen. Telemark folkemusikkcenter får inntil 100.000 kroner til å utvikle og vidareføre folkemusikktradisjonane i regionen, stimulere til formidling og stimulere unge talent.

Weasel-løyve på Lifjell

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) vedtok tirsdag å gje Tor Sisjord køyreløyve med weasel til hytta i skrubbeliene på Lifjell. Løyvet gjeld fram til 15. mai 2018 og for vintersesongen på snødekt mark.

**KOMMUNEREFORMA**

Positiv trend. – Bø er inne i ei veldig god utvikling, sjølv om kommunen slit. I Nome er det motsett, meiner Are Sæland.

Seier nei til samanslåing

– Dårlegare for demokratiet, meir intern kringling, ser ikkje økonomiske innsparingar, og ikkje høg nok kjøttvekt. Det er viktige argument mot kommunesamanslåing for Are Sæland.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Sæland er ein av dei få som har argumentert mot samanslåing på ulike nettstader på Facebook. Signal kan tyde på at fleire har vorte meir skeptiske enn det som gjekk fram av ei meiningsmåling som Bø blad hadde i starten av prosessen, då sa 70 prosent ja til ein eller annan variant av ein kommune i Midt-Telemark, men det er få som står fram og argumenter imot.

Lite konkret avtale

– Demokratiet er ikkje godt nok ivareteke. Intensjonsavtala er lite konkret, eg skjønner ikkje kvar ein skal spare pengar, seier Sæland.

Han meiner at skal ein oppnå innsparingar om 20 år må ein satse på mirakel. Han trur ikkje det hjelper å slå saman to kommunar på Robeklista (kommunar som er under statleg styring på grunn av dårleg økonomi, r.m.) og ein med sunn økonomi.

– Men eg trur det er enklare for politikarane sentralt å handtere ein kommune enn tre, legg Sæland til.

For Nome sin del så meiner Sæland det er uheldig å få høgare arbeidsgjevaravgift med eit såpass skjørt næringsliv.

– Bø kommune er inne i ein veldig positiv trend og dreg til seg flinke folk med kontaktar og visjonar som skaper inntekter

som kommunen er nøydd til å ha, meiner Sæland.

– *Du meiner avtala er lite konkret, men det står for eksempel kvar dei ulike etatane skal vere?*

– Det står mange fagre ord om det dei skal jobbe for. Det er slikt som det er naturleg å jobbe mot for å gjere det beste for folk. Dersom dei må gjenta det som er godt..., seier Sæland og let resten henge i lufta.

Intern strid

– *Demokratiet blir ikkje godt ivareteke?*

– Eg kjem frå Sauherad. Då ein slo saman Saude og Nes vart det uro. I Danmark slo dei nyleg saman kommunar. No dannar dei samarbeidsutval for å dempe striden. Det har skapt mykje vondt blod, seier Sæland.

Han trur at i ein samanslått kommune kan ein kanskje ha

glede av enkelte veldig dyktige personar på tvers av gamle grenser, men Sæland fryktar likevel at det blir for mykje intern strid som tek krefter ein elles kunne bruke på positiv utvikling.

Sæland peikar på at i Nome har det vore mykje bråk mellom Lunde og Ulefoss og han er ikkje sikker på om det er heilt bra forhold der enno. Sjølv om Nome kommune har bra økonomi går det ikkje så bra. I Bø meiner Sæland situasjonen er motsett, kommunen har det tungt, men bygda er i veldig god utvikling.

Administrativt problem

– *Eit argument for samanslåing har vore å få sterkare fagmiljø. Det blir sagt at for eksempel teknisk kontor i Bø kan få problem med å gjere oppgåvene dersom det blir langtidssjukemeldingar. Kva tenkjer du om det?*

– Det er eit administrativt

problem som ein må vente at administrasjonen løyser, seier Sæland.

– *Kjøttvekta tel og har vore brukt som argument. Tre kommunar saman blir tyngre i kampen mot Grenland og Aust-Telemark?*

– Den nye kommunen skal ha 15.000 innbyggjarar, det trur eg ikkje er utslagsgjevande mot dei store. Ein er for liten likevel, seier Sæland.

Han innrømmer at han er ein veldig stor lokalpatriot og håpar lokalmiljøet ikkje blir vatna ut.

– Bø har teke store løft. Gjelda skal betalast og då er ein heilt avhengig av næringslivet legg att pengar. Det er det som driv kommunen, meiner Sæland.